

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EF) nr. 106/2008**2015/EØS/29/39**

av 15. januar 2008

om eit fellesskapsprogram for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr**(omarbeidd utgåve)(*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

4) Det er viktig å fremje tiltak som sikrar at den indre marknaden verkar tilfredsstillande.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen,

5) Det er ønskjeleg å samordne dei nasjonale initiativa for energieffektivitetsmerking, slik at den negative innverknaden som gjennomføringstiltaka har på industri og handel, vert så liten som råd.

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

6) Etersom målet for det framlagde tiltaket, som er å fastsetje reglane for fellesskapsprogrammet for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.

ut frå desse synsmåtene:

1) Det skal gjerast ei rekkje vesentlege endringar i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2422/2001 av 6. november 2001 om eit fellesskapsprogram for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr⁽³⁾. Av omsyn til klarleiken bør den nemnde forordninga omarbeidast.

2) Kontorutstyr utgjer ein stor del av det samla elektrisitetsforbruket. Dei ulike modellane som er tilgjengelege på fellesskapsmarknaden, har svært ulikt elektrisitetsforbruk, sjølv om dei har dei same eigenskapane og det same potensialet for best mogleg utnytting av energieffektiviteten.

7) I protokollen til rammekonvensjonen til Dei sameinte nasjonane om klimaendring, som vart underteikna i Kyoto 11. desember 1997, vert det oppmoda til at Fellesskapet seinast i tidsrommet 2008-2012 reduserer utsleppa av klimagassar med 8 %. For å nå dette målet trengst det strengare tiltak for å redusere CO₂-utsleppa i Fellesskapet.

3) Betring av energieffektiviteten til kontorutstyr bør medverke til å betre konkurransevna og sikre energiforsyninga til Fellesskapet og til å verne miljøet og forbrukarane.

8) I europaparlaments- og rådsbeslutning 2179/98 av 24. september 1998 om revisjon av Det europeiske fellesskaps program for politikk og tiltak på området miljø og bærekraftig utvikling, «Mot en bærekraftig utvikling»⁽⁴⁾ er ei av hovudprioriteringane for integrering av miljøkrav at det på energiområdet skal innførast energieffektivitetsmerking av apparat.(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 39 av 13.2.2008, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/2010 av 11. juni 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 16.9.2010, s. 21.⁽¹⁾ TEU C 161 av 13.7.2007, s. 97.⁽²⁾ Europaparlamentsfråsegn av 10. juli 2007 (enno ikkje offentleggjort i TEU), og rådsavgjerd av 17. desember 2007.⁽³⁾ TEF L 332 av 15.12.2001, s. 1.⁽⁴⁾ TEF L 275 av 10.10.1998, s. 1.

- 9) I resolusjonen sin av 7. desember 1998 om energieffektivitet i Det europeiske fellesskapet⁽⁵⁾ oppmoda Rådet til meir bruk av merking av apparat og utstyr.
- 10) Det er ønskjeleg at krava til, merkinga av og prøvingsmetodane for energieffektivitet vert samordna når dette er føremålstenleg.
- 11) Det meste av energieffektivt kontorutstyr finst tilgjengeleg til same eller til ein litt høgare pris, og eventuelle tilleggskostnader kan difor ofte tenast inn på heller kort tid gjennom lågare forbruk av elektrisitet. På dette området kan difor målet om å spare energi og redusere utsleppa av CO₂ nåast på ein kostnadseffektiv måte, utan at det er til ulempe for forbrukarane eller industrien.
- 12) Handelen med kontorutstyr er verdsomfattande. Avtala mellom regjeringa i Sambandsstatane og Det europeiske fellesskapet av 20. desember 2006 om samordning av programma for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr⁽⁶⁾ (heretter kalla «avtala») vil lette den internasjonale handelen og miljøvernet når det gjeld slikt utstyr. Avtala bør gjennomførast i Fellesskapet.
- 13) Energieffektivitetsmerket Energy Star vert nytta over heile verda. For å kunne påverke krava til Energy Star-merkingsprogrammet, bør Fellesskapet ta del i programmet og i utarbeidinga av dei naudsynte tekniske spesifikasjonane. Når Kommisjonen fastset tekniske spesifikasjonar saman med miljøvernbyrået i Sambandsstatane (USEPA), bør han ta sikte på ambisiøse energieffektivitetsnivå, med tilvising til fellesskapspolitikken og -måla på energieffektivitetsområdet.
- 14) Ei effektiv ordning for handheving er naudsynt for å sikre at programmet for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr vert gjennomført på ein korrekt måte, samstundes som ho garanterer rettvise konkurransevilkår for produsentar og vernar rettane til forbrukarane.
- 15) Denne forordninga bør nyttast berre på kontorutstyr.
- 16) Rådskonferens 92/75/EØF av 22. september 1992 om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursforbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysningar⁽⁷⁾ er ikkje det mest eigna verkemiddelet når det gjeld kontorutstyr. Det mest kostnadseffektive tiltaket for å fremje energieffektiviteten til kontorutstyr, er eit frivillig program for merking.
- 17) For at programmet for energieffektivitetsmerking skal kunne gjennomførast på ein effektiv og nøytral måte, må eit høveleg organ, Rådet for Energy Star i Det europeiske fellesskapet (ECESB), få til oppgåve å medverke ved utarbeiding og ny vurdering av dei felles tekniske spesifikasjonane. Dette rådet bør vere samansett av nasjonale representantar og representantar for dei partane som det gjeld.
- 18) Det må sikrast at det er samsvar og samanheng mellom programmet for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr og prioriteringane innanfor fellesskapspolitikken og med andre fellesskapsordningar for merking eller sertifisering, t.d. dei som er fastsette ved direktiv 92/75/EØF og ved rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽⁸⁾
- 19) Programmet for energieffektivitetsmerking bør utfylle tiltak som er gjorde innanfor ramma av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF av 6. juli 2005 om opprettelse av en ramme for å fastsette krav til miljøvennlig utforming av energiforbrukende produkter⁽⁹⁾. Det bør difor sikrast samsvar med og samordning mellom Energy Star-programmet og ordninga for miljøvennleg utforming.
- 20) For å hindre forvirring for forbrukarane og uro i marknaden er det ønskjeleg at fellesskapsprogrammet for Energy Star, som byggjer på avtala, vert samordna med andre frivillige ordningar for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr i Fellesskapet.
- 21) For å lette tilgangen til og deltakinga i Energy Star-programmet for produsentar og eksportørar frå tredjestatar er det naudsynt å sikre at det er klarleik i gjennomføringa av programmet og samsvar med relevante internasjonale standardar.
- 22) I denne forordninga vert det teke omsyn til dei røynslene som er gjorde i den første gjennomføringsperioden til Energy Star-programmet i Fellesskapet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Mål

I denne forordninga vert det fastsett reglar for fellesskapsprogrammet for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr (heretter kalla «Energy Star-programmet») slik det er definert i avtala.

⁽⁵⁾ TEF C 394 av 17.12.1998, s. 1.

⁽⁶⁾ TEU L 381 av 28.12.2006, s. 26.

⁽⁷⁾ TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽⁸⁾ TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1. Forordninga oppheva ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 (TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1).

⁽⁹⁾ TEU L 191 av 22.7.2005, s. 29.

*Artikkel 2***Verkeområde**

Denne forordninga skal nyttast på dei produktgruppene av kontorutstyr som er definerte i vedlegg C til avtala, med atterhald for eventuelle endringar i samsvar med artikkel XII i avtala.

*Artikkel 3***Definisjonar**

I denne forordninga tyder:

- a) «felles logo» det merket som er oppført i vedlegg A til avtala,
- b) «programdeltakarar» produsentar, monteringsføretak, eksportørar, importørar, detaljistar og andre personar eller organ som pliktar seg til å fremje utvalde energieffektive kontorutstysprodukt som oppfyller dei felles spesifikasjonane som er definerte i bokstav c), og som har valt å ta del i Energy Star-programmet ved å la seg registrere hjå Kommissjonen,
- c) «felles spesifikasjonar» dei krava til energieffektivitet og yting, medrekna prøvingsmetodar, som vert nytta til å fastsetje om energieffektive kontorutstysprodukt kan godkjennast for merking med den felles logoen.

*Artikkel 4***Allmenne prinsipp**

1. Der det er føremålstenleg, skal Energy Star-programmet samordnast med andre fellesskapsordningar for merking eller kvalitetssertifisering og med andre ordningar, særleg ordninga for tildeling av fellesskapsmiljømerket, som er fastsett ved forordning (EØF) nr. 880/92, og ordninga for merking av og standardiserte vareopplysningar for energi- og ressursbruken til hushaldsapparat, som er fastsett ved direktiv 92/75/EØF og tiltak for gjennomføring av direktiv 2005/32/EF.
2. Programdeltakarar kan merkje sine eigne kontorutstysprodukt med den felles logoen og nytte han til marknadsføring av desse produkta.
3. Deltakinga i Energy Star-programmet er frivillig.
4. Kontorutstysprodukt som den felles logoen kan nyttast på etter at dei har fått godkjenning av miljøvernbyrået i Sambandsstatane (USEPA) til slik bruk, skal reknast for å vere i samsvar med denne forordninga, med mindre det ligg føre prov på det motsette.
5. Utan at det rører ved fellesskapsreglane for samsvarsvurdering og samsvarsmerking og/eller ved eventuelle internasjonale avtaler som er gjorde mellom Fellesskapet og tredjestatar med omsyn til tilgang til fellesskapsmarknaden, kan Kommissjonen eller medlemsstatane utføre prøvingar for produkt som er omfatta av denne forordninga og vert marknadsførte i Fellesskapet, for såleis å kontrollere at dei oppfyller krava i denne forordninga.

*Artikkel 5***Registrering av programdeltakarar**

1. Søknadar om å verte programdeltakar skal sendast over til Kommissjonen.
2. Kommissjonen skal ta avgjerd om å godkjenne ein søkjar som programdeltakar etter å ha kontrollert at søkjaren har gjeve samtykke til å rette seg etter dei retningslinjene for bruk av den felles logoen som er oppførte i vedlegg B til avtala. Kommissjonen skal offentleggjere ei ajourført liste over programdeltakarar på nettstaden til Energy Star, og jamleg sende denne lista over til medlemsstatane.

*Artikkel 6***Fremjing av energieffektivitetskriteria**

For det tidsrommet som avtala varer, skal Kommissjonen og dei andre fellesskapsinstitusjonane, i tillegg til sentrale statlege styresmakter slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF av 31. mars 2004 om samordning av framgangsmåtene ved tildeling av offentlege bygge- og anleggskontrakter, kontrakter om offentlege varekjøp og kontrakter om offentlig tjenesteyting⁽¹⁰⁾, utan at det rører ved fellesskapsretten, nasjonal lovgjeving og økonomiske kriterium, fastsetje energieffektivitetskrav som er minst like strenge som dei felles spesifikasjonane i kontraktar om offentlege varekjøp med ein verdi som er lik eller større enn dei terskelverdiane som er fastsette i artikkel 7 i det nemnde direktivet.

*Artikkel 7***Andre frivillige ordningar for energieffektivitetsmerking**

1. Andre eksisterande og nye frivillige ordningar for energimerking av kontorutstysprodukt i medlemsstatane kan nyttast parallelt med Energy Star-programmet.
2. Kommissjonen og medlemsstatane skal arbeide for å sikre den samordninga som er naudsynt mellom Energy Star-programmet og nasjonale merkingsordningar og andre merkingsordningar i Fellesskapet eller i medlemsstatane.

*Artikkel 8***Rådet for Energy Star i Det europeiske fellesskapet**

1. Kommissjonen skal skipe eit råd for Energy Star i Det europeiske fellesskapet (ECESB), som er samansett av nasjonale representantar slik det er nemnt i artikkel 9, og av representantar for dei partane som det gjeld. ECESB skal gjere ei ny vurdering av gjennomføringa av Energy Star-programmet i Fellesskapet, og når det er føremålstenleg, gje råd og støtte til Kommissjonen slik at han kan utføre oppgåva si som forvaltingsorgan, slik det er nemnt i artikkel IV i avtala.

⁽¹⁰⁾ TEU L 134 av 30.4.2004, s. 114. Direktivet sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1422/2007 (TEU L 317 av 5.12.2007, s. 34).

2. Kommisjonen skal syte for at ECESB, i den grad det er mogleg og for kvar gruppe av kontorutstyrprodukt, sikrar ei jamn deltaking frå alle dei partane som den aktuelle produktgruppa kjem ved, t.d. produsentar, detaljistar, importørar, miljøverngrupper og forbrukarorganisasjonar.

3. Kommisjonen skal, med støtte frå ECESB, overvake gjennomtrenginga i marknaden for produkt som ber den felles logoen, og av utviklinga i energieffektiviteten til kontorutstyr, slik at ein revisjon av dei felles spesifikasjonane kan gjerast til rett tid.

4. Kommisjonen skal fastsetje møteføresegnene til ECESB, samstundes som det vert teke omsyn til synspunkta til dei nasjonale representantane i ECESB.

Artikkel 9

Nasjonale representantar

Kvar medlemsstat skal, slik det er føremålstenleg, peike ut nasjonale sakkunnige, styresmakter eller personar på området energipolitikk (heretter kalla «nasjonale representantar») som har ansvaret for å utføre dei oppgåvene som er fastsette i denne forordninga. I tilfelle der fleire enn éin nasjonal representant vert utpeikt, skal medlemsstaten avgjere kva fullmakter desse representantane skal ha, og kva samordningskrav som skal gjelde for dei.

Artikkel 10

Arbeidsplan

I samsvar med det målet som er fastsett i artikkel 1, skal Kommisjonen utarbeide ein arbeidsplan. Arbeidsplanen skal omfatte ein strategi for utviklinga av Energy Star-programmet, som for dei tre etterfølgjande åra bør innehalde følgjande:

- a) måla for betring av energieffektiviteten, samstundes som det vert teke omsyn til behovet for høge krav til forbrukar- og miljøvern, og måla for den gjennomtrenginga i marknaden som Energy Star-programmet bør ta sikte på å oppnå på fellesskapsplan,
- b) ei ikkje-utfyllande liste over kontorutstyrprodukt som i første rekkje bør omfattast av Energy Star-programmet,
- c) opplærings- og marknadsføringsinitiativ,
- d) framlegg til samordning og samarbeid mellom Energy Star-programmet og andre frivillige ordningar for energieffektivitetsmerking i medlemsstatane.

Kommisjonen skal vurdere arbeidsplanen sin på nytt minst ein gong i året og gjere han offentleg tilgjengeleg.

Artikkel 11

Førebuande framgangsmåtar for revisjon av tekniske kriterium

1. For å førebu revisjonen av dei felles spesifikasjonane og dei produktgruppene av kontorutstyr som er omfatta av vedlegg C til avtala, og før eit utkast til framlegg eller eit svar vert sendt over til USEPA i samsvar med framgangsmåtane i avtala og i rådsavgjerd 2006/1005/EF av 18. desember 2006 om inngåing på vegner av Det europeiske fellesskapet av avtala mellom regjeringa i Sambandsstatane og Det europeiske fellesskapet om samordning av programma for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr⁽¹⁾, må følgjande tiltak som er fastsette i nr. 2–5, gjerast:

2. Kommisjonen kan oppmode ECESB om å gjere eit framlegg om revisjon av avtala eller av dei felles spesifikasjonane for eit produkt. Kommisjonen kan gjere eit framlegg for ECESB om revisjon av dei felles spesifikasjonane for eit produkt eller av avtala. ECESB kan òg gjere framlegg for Kommisjonen på eige initiativ.

3. Kommisjonen skal rådspørje ECESB kvar gong han mottek eit framlegg frå USEPA om revisjon av avtala.

4. Når medlemmene av ECESB legg fram synspunkta sine for Kommisjonen, skal dei ta omsyn til resultatata frå føregranskningar og marknadsgranskningar, og til den teknologien som finst tilgjengeleg for å redusere energiforbruket.

5. Kommisjonen skal ta særleg omsyn til målet om å fastsetje felles spesifikasjonar på høgt nivå, slik det er fastsett i artikkel I nr. 3 i avtala, med sikte på å redusere energiforbruket, og skal ta tilbørleg omsyn til den tilgjengelege teknologien og dei kostnadene som er knytte til slik teknologi. Før framlegginga av synspunkta sine om dei nye felles spesifikasjonane, skal ECESB særleg ta omsyn til dei seinaste resultatata frå undersøkingar om miljøvenleg utforming.

Artikkel 12

Overvaking av marknaden og kontroll med misbruk

1. Den felles logoen skal berre nyttast i samband med produkt som er omfatta av avtala og er i samsvar med retningslinjene for bruk av logoen i vedlegg B til avtala.

2. All falsk eller villeiande reklame eller bruk av eit merke eller ein logo som kan forvekslast med den felles logoen, er forboden.

⁽¹⁾ TEU L 381 av 28.12.2006, s. 24.

3. Kommisjonen skal sikre at den felles logoen vert nytta på rett måte ved å setje i verk eller samordne dei tiltaka som det er gjort greie for i artikkel IX nr. 2, 3 og 4 i avtala. Medlemsstatane skal gjere høvelege tiltak for å sikre at føresegnene i denne forordninga vert etterlevde på territoriet deira, og melde frå til Kommisjonen om dette. Dersom programdeltakarar ikkje oppfyller føresegnene, kan medlemsstatane sende over til Kommisjonen prov på dette, slik at Kommisjonen kan gjere innleiande tiltak.

Artikkel 13

Ny vurdering

Innan avtala sluttar å gjelde, skal Kommisjonen utarbeide og sende over til Europaparlamentet og Rådet ein rapport om overvaking av energieffektiviteten på marknaden for kontorutstyr i Fellesskapet, som inneheld ei vurdering av korleis Energy Star-programmet verkar. Rapporten skal omfatte både kvalitative og kvantitative opplysningar, og dessutan opplysningar om føremonene ved Energy Star-programmet, det vil seie energiøkonomisering og føremoner for miljøet i form av mindre utslepp av karbondioksid.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Strasbourg, 15. januar 2008.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

J. LENARČIČ

Formann

Artikkel 14

Revisjon

Før partane i avtala drøftar ei lenging av avtala i samsvar med artikkel XIV nr. 2 i avtala, skal Kommisjonen vurdere Energy Star-programmet i lys av dei røynslene som er gjorde i det tidsrommet programmet har vore verksamt.

Artikkel 15

Oppheving

Forordning (EF) nr. 2422/2001 vert oppheva.

Tilvisingar til den oppheva forordninga skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegget.

Artikkel 16

Slutføresegner

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

VEDLEGG

Forordning (EF) nr. 2422/2001	Denne forordninga
Artikkel 1	Artikkel 1
Artikkel 1 siste punktumet	—
Artikkel 2	Artikkel 2
Artikkel 3	Artikkel 3
Artikkel 4 nr. 1	Artikkel 4 nr. 1
Artikkel 4 nr. 2	Artikkel 4 nr. 2
—	Artikkel 4 nr. 3
Artikkel 4 nr. 3	Artikkel 4 nr. 4
Artikkel 4 nr. 4	Artikkel 4 nr. 5
Artikkel 5	Artikkel 5
Artikkel 6 nr. 1	—
Artikkel 6 nr. 2	—
Artikkel 6 nr. 3	Artikkel 6
Artikkel 7	Artikkel 7
Artikkel 8 nr. 1	Artikkel 8 nr. 1
Artikkel 8 nr. 2	—
Artikkel 8 nr. 3	Artikkel 8 nr. 2
—	Artikkel 8 nr. 3
Artikkel 8 nr. 4	Artikkel 8 nr. 4
Artikkel 8 nr. 5	—
Artikkel 9	Artikkel 9
Artikkel 10 første leddet innleiande tekst	Artikkel 10 første leddet innleiande tekst
Artikkel 10 første leddet første strekpunktet	Artikkel 10 første leddet bokstav a)
Artikkel 10 første leddet andre strekpunktet	Artikkel 10 første leddet bokstav b)
Artikkel 10 første leddet tredje strekpunktet	—
—	Artikkel 10 første leddet bokstav c)
Artikkel 10 første leddet fjerde strekpunktet	Artikkel 10 første leddet bokstav d)
Artikkel 10 andre leddet første strekpunktet	Artikkel 10 andre leddet
Artikkel 11 første leddet	Artikkel 11 nr. 1
Artikkel 11 punkt 1	Artikkel 11 nr. 2
Artikkel 11 punkt 2	Artikkel 11 nr. 3
Artikkel 11 punkt 3 første punktumet	Artikkel 11 nr. 4
Artikkel 11 punkt 3 andre punktumet	Artikkel 11 nr. 5 første punktumet
—	Artikkel 11 nr. 5 siste punktumet

Forordning (EF) nr. 2422/2001	Denne forordninga
Artikkel 12	Artikkel 12
Artikkel 13	—
—	Artikkel 13
Artikkel 14 første leddet	Artikkel 14
Artikkel 14 andre leddet	—
—	Artikkel 15
Artikkel 15	Artikkel 16
Vedlegg	—